



Miljøverndepartementet

Sakshandsamar: Egil Lekven
Telefon: 46803678
Seksjon: Utviklingsseksjonen
Vår referanse: 10/17261
Dykkar referanse:
Vår dato: 23.03.2011
Dykkar dato:

Att:

HØRING OM NOU 2010:10 TILPASSING TIL EIT KLIMA I ENDRING.

Innleiingsvis vil ein seia at ein berre uttaler seg om utgreiinga sin del omkring fiskeri og havbruk. Ein har i utgangspunktet ikkje har vesentlege merknader til utgreiinga, men meiner likevel at ho kanskje i ein viss grad ber preg av litt lite dokumentasjon som grunnlag for ein skilde av vurderingane når det gjeld utvikling/endringar for dei ulike artar/bestandar.

Utvalet har teke føre seg ulike samfunnsområde og sett på kartlegging, kunnskapsutvikling og forvaltningsregima innan dei forskjellige sektorane.

Når det gjeld fiskeri og havbruk peikar utvalet på behovet for auka kartlegging, og at når det gjeld dei nordlegaste marine områda har isdekkje hindra kartlegging. Ein må ha auka fokus på overvaking av klimainduserte endringar i samansetjinga av økosystemet langs kysten og i dei sørlegaste havområda våre. Ein må også halda ved lag og utvikla vidare målseriar for havklima og marine organismar.

Det må utviklast modellar som kan kvantifisera verknadane av klimaendringar på produktivitet og fordeling av marine ressursar frå plankton til fisk og sjøpattedyr. Vidare ligg det i dette også at ein må auka kunnskapen om dei kombinerte verknadane av klimavariasjonar og klimaendringar på fiskeressursane.

Utvikla klimamodellar som kan simulera endringar i miljøforhold for havbruksnæringa vert viktig, og ikkje minst må ein utforska kva verknader forsuring av havet kan ha på fiskeressursane og næringsgrunnlaget deira.

Vidare peiker utvalet på at ein må utvikla metodar for økosystembasert forvaltning av fiskeressursane, men etter vårt syn har økosystembasert forvaltning vore eit berande prinsipp innan fiskeriforvaltninga i lang tid.

På området for teknologi innan fiskeria gjeld det særleg utvikling som av energiøkonomiske fangstmetodar, og fartøy og fangstmetodar som reduserer verknaden på botndyrsamfunna som vert framheva. Også på dette feltet har det gått føre seg eit omfattande arbeid, og dette er ein kontinuerlig prosess.

Med utgangspunkt i at høgare sjøtemperaturar vil kunna innebera flytting av grenser for utbreiing av organismar i havet og ein generell flytting av bestandar mot nor, kan den totale produktiviteten av dei borale artane auka i dei nordlegaste områda, medan produktiviteten for dei arktiske vil bli redusert i dette området.

I vurderinga av sårbarheit for klimaendringar, stiller ein spørsmål ved kor utsett sektoren er i dag. Under dette tek ein for seg eksport av sjøprodukt og auken av desse. Deretter spør ein om kor utsett sektoren er for klimaendringar i framtida, og her vurderer ein om utviklinga og endringar av ulike bestandar. Det er etter vår meining uråd å vera sikker på korleis utviklinga vil verta og ein har ingen vesentlege merknader til dei vurderingar som er gjort.

Utalet peikar også på at norskekysten er eitt av få områder i verda der det skjer kommersiell hausting av tareartar og at det er mogleg at dyrking av tare kan verta ein ny næringsveg. Ein vil peika på, slik utvalet sjølv nemner, at tang - og - tarehausting har vore ein viktig næringsveg i mange år.

Når det gjeld fiskebestandar ser utvalet for seg at klimaendringar utover i det 21. Hundreåret kan gje høgare avkastning av fisk i NØS, spesielt i nord, men det er meir usikkert om økosystemet i Nordsjøen vil verta meir produktivt. Det er likevel to faktorar som kan motverke dette. Det eine er knytt til naturlege klimavariasjonar, som tidvis vil kunna dominera over klimaet, og det andre er forsurig av havet.

Med helsing


Anne Kjos Væim
seksjonssjef


Egil Lekven
seniorrådgiver